

Til:
HF ILN Institutt for lingvistiske og nordiske studium

Dato: 06.10.2014
Saksnr.: 2014/11630 AASEWE

Ferdigstilling av Norsk Ordbok, band 12

Norsk Ordbok 2014s produksjonsplan for band 12 la opp til ferdigstilling av bandet og oversending av manus til forlaget tidleg på nyåret 2015. Etter oversending av bandet til forlaget er det sett av tid til å følgja bandet fram til ferdig trykt utgåve, gjera dei siste oppryddingane og tilpassingane av NO-base og underliggjande materiale (m.a. få på plass 4000 manglande koplingar mellom Metaordbok og ordboksbase i alfabetstrekket *i-å*) og avslutta prosjektet. Det har ikkje vore mogleg for prosjektorganisasjonen å halda ein slik progresjon som produksjonsplanen frå årsskiftet la opp til, og det kjem nå ei førebels melding til prosjekteigar Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN) om dette. Styret for NO 2014 vil behandla ei sak om ferdigstilling av verket i styremøte 20.10.14 og prosjekteigar vil etter det få ei meir formell orientering om saka.

Bakgrunn

Prosjektet NO 2014 skulle etter avtale med Kulturdepartementet vera endeleg slutført 28.2.15. I løpet av det siste ordinære produksjonsåret har det vore mykje uro knytt til nedlegginga av prosjektet, til den samtidig varsla nedlegginga av språksamlingsverksemda ved ILN og til masseoppseiinga av 22 fast tilsette medarbeidarar i NO 2014-organisasjonen.

Medan organisasjonen fram til utgangen av februar nær heldt oppsett målproduksjon, har prosjektet det seinaste halve året hatt eit produksjonstap på 57 manuskriptsider. Dette utgjer meir enn éin månadsproduksjon for full stab. Prosjektet har i denne perioden mist to forskarar, medan to andre går over i nye jobbar i midten av oktober. Med unntak av dei tre medarbeidarane som skal tilbakeførast til ILN ved prosjektslutt eller som går av med pensjon på det aktuelle tidspunktet, er alle i staben sagde opp med siste arbeidsdag 31.12.14. Uklårheita som knyter seg til evt. vidare engasjement etter årsskiftet, pregar arbeidsmiljøsituasjonen i organisasjonen. Det er uvisst kor mange som vil vera tilgjengelege for vidare arbeid inn i 2015. Prosjektet står i laupande kontakt med UiOs bedriftshelseteneste, og NAV er koplå inn for å yta bistand til dei av medarbeidarane som er omfatta av masseoppseiinga.



Ut frå produksjonsstatus pr. 20.9.14 og ut frå ei totalvurdering av situasjonen ser ein realistisk plan for ferdigstilling av band 12 av ordboka ut til å vera ein månadleg målproduksjon på i underkant av 70 % av normalfart fram mot årsskiftet. Om ein slik plan let seg realisera, vil førstegongsredigeringa av materiale til band 12 vera ferdig til årsskiftet. Frå årsskiftet kan då arbeidet med sluttproduksjon av ordboksbandet starta. I sluttproduksjonsfasen skal alle manus som framleis er i produksjon, først gjennom fire instansar kollegalesing før dei får status «Til korrektur». Deretter startar korrekturlesinga og den endelege sluttkontrollen av heile manuskriptet.

Det er uvisst om redaksjonen kan levera frå seg eit ferdig ordboksband til 28.2.15. Fordi det er uklårt om og når det vil liggja føre nye arbeidskontraktar for 2015, og fordi talet på medarbeidarar som kan stå i arbeid neste år ikkje er kjent, vil prosjektorganisasjonen ikkje kunna laga klare estimat for den totale tidsbruken etter årsskiftet. Den reviderte produksjonsplanen som er skissert her, inneheld klare risikofaktorar. For det første vil nye tap av forskarar i prosjektet føra med seg ytterlegare forseinkingar i produksjonen av band 12. For det andre vil produksjonstapet gjennom siste halvår og den reduserte produksjonsfarten dei kommande månadene ikkje kunna kompensera anna enn gjennom nye redaktørmånadsverk. Det betyr at dei lønsmidlane me har søkt om og får løyva over statsbudsjettet for januar og februar 2015, ikkje vil sikra at prosjektorganisasjonen kjem i hamn med dei attståande arbeidsoppgåvene.

Oppsummering

- Arbeidet med band 12 er blitt forseinka. Dette skuldast at det har vore mindre arbeidstid til disposisjon både fordi forskarar i prosjektet har slutta, og fordi det har gått med mykje tid til kartlegging av kompetanse, oppseiingar og forsøk på å finna nytt arbeid for den einskilde.
- Prosjektorganisasjonen har søkt midlar over statsbudsjettet til dekning av løn for 22 forskarar og ein administrativ stab på tre i perioden 1.1.-28.2.15. Det er uvisst kor mange medarbeidarar prosjektet rår over i 2015, men lønsmidlane vil kunna fordelast på det talet på medarbeidarar som er att i organisasjonen. Det er uklårt kor mange månader arbeid dette vil bli på kvar medarbeidar. Denne uvissheita kring lengda på arbeidsforholdet bidreg til ein stressande arbeidssituasjon for den enkelte, og verkar dermed inn på produksjonsmiljøet.
- I disponeringa av dei resterande månadsverka vil det måtta skje ei viss omfordeling frå redaksjonelle til administrative månadsverk, slik at organisasjonen ikkje risikerer å stå heilt utan prosjektleiing og administrasjon frå og med 1.3.15. Dette vil òg gå ut over den totale produksjonsfarten for band 12, og det vil medføre ekstra kostnader.
- Prosjektet er avhengig av å få bruka dei tre forskarane som etter planen skal tilbakeførast til ILN ved prosjektslutt i ein så lang periodesom er naudsynt for at verket blir ferdigstilt og prosjektorganisasjonen kan avsluttast. Det vil bidra til å fremja prosjektframdrifta om ILN vidarefører stillinga til den av NO2014s hovudredaktørar som går av med pensjon ved årsskiftet inn i 2015 i det talet på månader som trengst for å fullføra prosjektet. Det er uvisst kor mange månadsverk dette totalt vil gjelda.

Førebels konklusjon:

Det vil ikkje vera mogleg å levera band 12 og avslutta prosjektorganisasjonen innanfor dei ressursrammene som nå ligg føre. Dei gjeldande ressursrammene inkluderer løyving over statsbudsjettet i det omfanget prosjektet har søkt KUD om for januar og februar 2015.

Prosjekteigar ILN vil få ei formell orientering om status for prosjektet og problem knytt til ferdigstillinga av prosjektoppgåvene når styret i NO 2014 har behandla saka.

Med helsing

Åse Wetås
Prosjektdirektør, NO 2014

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

Saksbehandlar:

Åse Wetås
+4722854380, ase.wetas@iln.uio.no